

Handlingsplan for næring 2025



Time, Klepp og Hå vedtok i juni 2024 Næringsstrategi for Jæren 2024-2030.

Strategien har tre satsingsområde:

- Landbruk og matproduksjon
- Industri og teknologi
- Reiseliv og opplevingar


Satsingsområda tek utgangspunkt i dei særlege konkurransefortrinna med har på Jæren. Desse gjev det beste grunnlaget for omstilling og vekst.

Fem strategiske grep utgjer kommunane si verktøykasse for å støtta, vidareutvikla og styrka næringslivet på Jæren:

- Samarbeid
- Vertskap
- Areal og infrastruktur
- Kompetanse
- Attraktivitet

Kommunane har sjølv ansvar for å utarbeida eigne handlingsplanar for å følga opp strategien. Næringsstrategien legg opp til at nokre av punkta i handlingsplanen bør vera felles tiltak for dei tre kommunane.

Næringsarbeidet i Time kommune vert ivareteke av ordførar, varaordførar, kommunedirektør og eit medlem av formannskapet oppnemnd av kommunestyret. Arbeidet vert støtta av ei administrativ næringsgruppe der òg leiar av Bryne Næringsforening er med.



Felles tiltak saman med Klepp og Hå

Næringsstrategien legg opp til at dei tre kommunane har nokre felles tiltak. For 2025 er det avtalt fire slike tiltak:

Tiltak	Skildring	Ansvar
Kartlegging av tilgjengeleg næringsareal	Gjera det enklare for næringsaktørar å få informasjon om aktuelt areal for næring	Plan- og forvaltningssjef
Jobbe for felles prioritering av infrastrukturtiltak inn mot andre myndigheiter.	Årleg møte mellom ordførar, varaordførar, kommunedirektør og kommunalsjef Samfunn i Time, Klepp og Hå om felles prioritering av infrastrukturtiltak inn mot andre myndigheiter.	Kommunalsjef Samfunn
Prosjekt for samkøyring, læring og beste praksis innanfor plan og regulering		Plan- og forvaltningssjef
Bedriftsbesøk	Ordførarane går saman om å besøke dei største bedriftene på Jæren ein gong i året.	Kommunikasjonssjef koordinerer



Samarbeid om næringsutvikling og turisme med andre aktørar

Time kommune er avhengig av gode samarbeidspartnarar for å lykkas med satsingsområda i næringsstrategien. For 2025 er det vedtatt at Time kommune skal bruka om lag 1 million kroner på støtte til ulike aktørar for å fremma næringsutvikling og turisme i Time. Denne støtta går mellom anna til Bryne Næringsforening, Næringsforeningen i Stavangerregionen, Region Stavanger, Opplev Jæren, Agritech, Skape og Stavangerregionens Europakontor.

Satsingar på næringsareal

God arealplanlegging er avgjerande for å kunna leggja til rette for ulike typar næringsutvikling. Kalberg, Håland og Storgata/Bryne torg er viktige næringsområde som det vert jobba med i 2025.

Tiltak	Skildring	Ansvar
Regulera og leggja til rette for kraftkrevjande industri på Kalberg		Kommunalsjef Samfunn
Vidareutvikla Håland som næringsområde	Kommunedelplan for Håland	Kommunalsjef Samfunn
Oppgradering av Storgata og Bryne torg	Detaljreguleringsplan, inkludert revidering av formingsvegleiar for Bryne torg.	Plan- og forvaltningssjef

Bryne torg

For å få auka aktivitet på Bryne torg får Bryne Næringsforening ansvaret med å koordinera og tildela plassar til matvogner på torget. Kommunen vil ikkje ha nokre kostnader med dette, men næringsforeninga vil få leigeinntektene dette genererer.



Prosjekt finansiert gjennom Regionalt næringsfond

Regionalt næringsfond vert administrert av Rogaland fylkeskommune, og skal stimulere til samarbeid mellom kommunar for å bidra til næringsutvikling og bærekraftig verdiskapning. Prosjekta som får støtte må vera forankra i eit eller fleire av satsingsområda i Rogaland fylkeskommune sin Nærings- og innovasjonsstrategi.

Saman med mellom andre Klepp og Hå har Time kommune fleire prosjekt der det er søkt om, eller skal søkast om, støtte for 2025.

Prosjekt	Skildring	Periode	Oppfølging
Turistskiltprosjekt	Prosjekt saman med mellom anna Hå, Klepp, Egersund, og Opplev Jæren. Finansiert gjennom regionalt næringsfond. Hå kommune står for prosjektleiing. Time kommune er med i styringsgruppa.		Kommunikasjons-sjef
Fugleturisme	Prosjekt saman med kommunane Klepp, Hå, Randaberg og Sola, samt Region Stavanger og Opplev Jæren. Time kommune er med i styringsgruppa, og Region Stavanger står for prosjektleiing. Prosjektet startar opp om det får godkjent søknad om finansiering gjennom regionalt næringsfond i 2025.		Kommunikasjons-sjef
Mobilisering for å etablera katapult-node i regionen. næringsfond ut januar 2025.	Prosjekt saman med kommunane Klepp, Hå og Strand. Finansiering gjennom regionalt næringsfond ut januar 2025. Vekstpartner AS står for prosjektleiing. Time kommune er med i styringsgruppa.	Ut januar 2025	Kommunikasjons-sjef



Møteplassar og nettverk

Det er viktig at kommunen både er til stades i relevante nettverk, og legg til rette for aktuelle møteplassar for næringslivet.

Tiltak	Skildring	Ansvar
Bykonferansen på Bryne	Konferanse i november som vert arrangert saman med Bryne Næringsforening.	Kommunikasjonsavdelinga saman med Bryne Næringsforening.
Jærmøtet	Politisk og administrativ deltaking ved den årlege konferansen som Stavangerregionens Næringsforening arrangerer på Bryne.	Kommunedirektør
Byutviklingsgruppa	Byutviklingsgruppa består av representantar frå kommunen, Bryne Næringsforening og Brynes Vel, og har møte eit par gonger i året.	Ordførar og kommunedirektør
Regelmessige bedriftsbesøk	Næringsgruppa besøker bedrifter i kommunen om lag ein gong per månad	Ordførar og kommunedirektør
Regionalt næringsforum	Delta i Rogaland fylkeskommune sitt nettverk for næringsansvarlege kommunane i Rogaland.	Kommunedirektør og kommunikasjonssjef
Årleg kontaktmøte med Time Bondelag og Sandnes og Jæren bonde- og småbrukarlag.		Landbruksavdelinga
Deltaking i Rogaland ressursforum	Samarbeid mellom offentlege og private aktørar knytt til massehandtering	Plan- og forvaltningssjef
Næringsråd Rogaland		Ordførar i Time representerer Jæren